

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Det var 14 representantar til stades.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag (a):

"Alternativ til innstillinga punkt 1:

Det er for tidleg i planprosessen å satse alt på kryssing av Bjørnafjorden. Fylkesutvalet ber om at det blir tatt kontakt med Regjeringa for å få tilbake alternativ indre trase og ferjealternativet til vidare utgreiing.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag (b):

Alternativ til innstillinga punkt 7:

Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland, og ønskjer å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane i viktige prosjekt knytta til tverrsambanda inn mot E39."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV fram slik protokollmerknad:

"SV røystar mot fleire av framlegga i saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 kmt vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten."

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken med 13 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag (a).

Innstillinga punkt 2 vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Innstillinga punkt 3-6 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 7 vart vedteken med 13 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag (b).

Innstillinga punkt 8 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek moglegheitsstudie for fylkesveggar knytt til E39 Bergen-Rogaland til orientering, og ber fylkesrådmannen leggje den til grunn i det vidare arbeidet opp mot statleg plan for kommunedelplannivå for E39 Stord-Os, samt for neste rullering av Regional transportplan.
2. Med ny E39 vil innfallsporten til Tysnes bli endra. Fylkesutvalet meiner det er særleg er behov for å sikre at Tysnes får ei best mogleg tilknytning frå E39 inn mot kommunesenteret Uggdal, og meiner at strekninga bør inngå som ein del av planlegginga av E39-prosjektet.
3. Fylkesutvalet ber om at det i regi av det statlege planarbeidet for E39 Stord-Os blir starta eit arbeid med ei utgreiing av moglege konsept for bru mellom Reksteren og Austevoll med sikte på å leggje til rette for ei føremålstenleg kryssløysing på E39 på Reksteren.
4. Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan løysast.
5. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak om Aust-vest-samband, og legg til grunn at tverrsamband mellom Fusa og Os, bru over Ålfjorden mellom Etnesjøen og ferjefritt samband mot Kvinnherad frå Tysnes eller Stord må vurderast som statleg vegprosjekt i ein KVVU for strekninga Jøsandal-Bergen.

6. Det må i planarbeidet for E39 og i Regional transportplan arbeidast med å utvikle ein effektiv kollektivstruktur som kan betre konkurransekrafta for kollektivtrafikken.
7. Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland, og ønskjer å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane i viktige prosjekt knytta til tverrsambanda inn mot E39.
8. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta kontakt med Rogaland fylkeskommune om å få utarbeida ein felles moglegheitsstudie for fylkesveggar knytt til E39 på strekninga Bokn-Stord.

Protokollmerknad frå SV

SV røystar mot fleire av framlegga i saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 kmt vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten.